

Meland kommune,
v/ordfører Øyvind Oddekalv,
5918 Frekhaug.

An: Manglande fortau i øvste delen av Holsbergstien.

Kommunen har overteke hovudvegen med fortau gjennom Holsbergstien, grn. 10 brn. 280, men det manglar ca. 100 meter fortau frå nordsida av ballbana til hus nr. 35/84. Det er sett av grunn til fortau langs veggen.

Vi ber om at arbeidet med fortauet blir full-ført.

I reguleringsplanen for Holmemarka aust, gr.nr. 10 br. nr. 40 m/fleire, godkjent av kommunestyret 29.10 2003, sak 081/03, står det at eitt av føremåla er å byggje køyreveg med fortau. I ei mindre reguleringsendring vedteke av administrasjonen, sak 211/2015, står det mellom anna «og det er regulert inn fortau på 2,5 meter mellom tilkomstvegen og bustadføremålet.» Eit kartvedlegg til saka viser fortauet.

På eit møtet 1. november 2010 med huseigarane i Holsbergstien, orienterte møteleiar Anny Bastesen om at reguleringsplanen med føresegner, vedteke av kommunestyret, er styrande for utbygginga: Den eller dei som byggjer ut, har ansvar for at rekkefølgekkrava og andre reglar vert følgde opp og teke omsyn til i det enkelte byggjeprojekt. Utbyggingsansvaret gjeld også vegar og andre fellesanlegg i feltet, kommunale så vel som private(...)

I sak 78/2017 vedtok Meland kommunestyret reguleringsplanen for Øvre Holsbergstien. I merknad til denne planen påpeika Holsbergstien Velforening at utbyggjar måtte byggje ferdig fortauet til enden av eksisterande bustader øvst i feltet, før arbeidet starta med det nye byggjefeltet. Fortauet skulle ha vore ferdig før dei sju bustadene i det siste feltet var klar sommaren/ hausten 2016.

Sidan kommunen har overteke veggen og arealet avsett til fortau, ber vi om at kommunen syter for at fortauet blir bygd ferdig.

Holsbergstien 18.11.19.

Helsing

Styret i Holsbergstien Velforening

v/ Aud E. Grøneng (sekr.)

aud.elsa.groneng@bkkfiber.no

